


HELSING FRÅ KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR VIK



ÅRGANG 79

NR. 02 AUGUST 2026



*Kven har skapt alle blomane?
- Vår Gud i himmelen!*

Ord til ettertanke

Av Runar Matsui-Li



Gud ser!

I mange år har jeg kjørt langsetter Sognefjorden på nordsiden mellom Høyanger og Sogndal. Disse turene gir anledning til å betrakte sørsiden. Jeg ser ensomme gårder oppe i lia, Finden, og jeg ser Vik mellom to fjordarmer. Noen ganger har jeg kjørt til Vik i ulike ærender, det siste året har jeg gjort tjeneste som fengselsprest og konfirmantprest i Vik. Jeg spør meg: Hvordan forstår jeg Vik best? Ved å se den fra nordsiden, eller ved å spise gammelost på kafe i Vik? Jeg er interessert i mennesker og hvordan vi finner mening med tilværelsen. Hvordan forstår jeg best hvordan det er å være menneske? Ved å måle personlighetstrekk og

å skanne hjerneaktivitet, eller ved å be enkelt-mennesker fortelle sin historie?

Det er iboende i mennesket å søke mening. «Å fortelle en historie, er den mest effektive måten vi finner mening om oss selv og verden», sier den danske psykologen Majse Lind til den kristne avisen Dagen tidligere i sommer.

Vår livshistorie kan inndeles som bokkapitler med titler og overskrifter, vendepunkter, høydepunkter og bunnoteringer av livene våre. Gjennom mange år har jeg skrevet flere hundre minneord til gravferder og disse fortellingene om avdøde familiemedlemmer er jo nettopp dette. Bortgang blir derfor en tid for å reflektere over hvorfor ens eget liv er som det er. Men vi kan reflektere tidligere med vår egen livsfortelling. Konfirmasjonsdagen er et høydepunkt i mange unges livsfortelling og det var fantastisk å avslutte konfirmasjonstiden i Vik med gudstjeneste 30. mai i år. Det var flott å bli en del av deres livshistorie.

Jeg kan bare ønske lykke til videre i livet. Vår livsfortelling inneholder også nedturer, men de gode opplevelsene kan gi motstandskraft og styrke og bidra til at vi blir trygge i oss selv.

Jeg er prest og trosopplærer. Fortellingene fra Bibelen, gudstjenesten og ritualene er viktig for oss. Jeg ønsker å dele en ny fortelling og knytte oss til denne fortellingen som Gud har gitt. I 2. Mosebok, 3,7 sier Gud: «Eg har sett nauda til mitt folk i Egypt og har høyrst skrika deira under slavedrivarane. Eg kjenner deira smerte. Eg har stige ned for å fria dei ut.» Det er flere tusen år siden Gud brøt inn i historien. «Nok er nok», tenkte han. «Eg kjenner deres smerte». Jeg tror at Gud sier i dag: Jeg har sett barn i krigsruiner gråte fordi di har mistet alt. Jeg har sett alle som ber uten å få svar, og alle som opplever at kroppen svikter. Guds blikk går nådig over verden og stemmen hans hvisker: «Jeg har sett alle dem som ingen andre så. Jeg har sett deg!»



Runar Matsui-Li med konfirmentar som medliturger ved samtalegudsteneste i Vik kyrkje mars 2026.

Ny kyrkjelydsarbeider:

Kyrkjevevje Turid Brekke har hatt en sommerprat med nytilsette kyrkjelydsarbeider i Vik, Liv Turid Fuglesteg.

Det er jonsok og skylaget ligg lågt nedetter Bøeggi. Regnbyene har kome med jamne mellomrom heile føremiddagen. Det er snart ferietid for fleire av oss på kyrkjekontoret, Stein er alt i gang og Marit skal ikkje berre gå ut i ferie, ho skal bli pensjonist 1.juli. Det er ei viss sorg knytt til dette for oss andre på kontoret,

at Marit pensjonerer seg. Då er det fint å tenkja på at vi skal få inn ein ny kollega i august. Liv Turid Fuglesteg har takka ja til 50% stilling som kyrkjelydsarbeidar.

Eg har invitert Liv Turid ned på kyrkjekontoret for ein liten bli-kjent-prat. Ho kjem til avtalt tid, solbrun og blid.



Liv Turid Fuglesteg

Vi ser på kvarandre, smiler og eg stiller første spørsmålet på blokka mi,



Liv Turid og Roy framfor Petersplassen i Roma.

eit spørsmål eg kjenner på og faktisk er litt spent på, og som eg reknar med er starten og årsaken til Liv Turid sitt vikja-liv. Korleis og når møtte du Royen? For dei som ikkje veit det, Liv Turid er sambuar med ordførar Roy Egil Stadheim.

Ho humrar litt og fortel at dei møttest i eit festleg lag i Sogndal då ho var 21. På denne tida jobba Roy i Ila fengsel, men han var heime i Sogn ein tur. Etter det har det vore dei to.

Liv Turid hadde dei første leveåra sine i Lom saman med ein eldre bror og foreldra, men då ho var 4 år flytta familien til Skjolden. Som etternamnet tilseier er farsfamilien frå høgdegarden Fuglesteg i Luster. Bestefaren hadde barndommen sin der, men flytta ned til i Skjolden som vaksen.

Etter fullført utdanning ved lærarhøgskulen i Sogndal flytta Liv Turid og Roy til Vik, der ho fekk jobb i barnehagen og Roy kombinerte jobb i Vik fengsel og i HVPU, helsevern for psykisk utviklingshemma, som det heitte på 90-tallet. Etter kvart fann Roy ut at han

ville gå fengselsskulen, og i 1997 pakka dei sakene sine og drog til Oslo. På den tida var eldste dotter, Oda, fødd og dei tre hadde ei fin tid i hovudstaden. Liv Turid jobba i Bærum sjukehus sin sjukehusbarnehage og stortreivst der. Då fengselsskulen var over valde dei å reisa attende til Vik, alt låg til rette for det – huset på Stadheim stod tomt og venta på dei, Liv Turid hadde permisjon frå barnehagen i Vik og Roy hadde fått lovnad om jobb i Vik Fengsel. I 2003 kom tvillingane, Thea og Martin, til verda og familien vart fulltallig med to vaksne og tre born.

Når vi snakkast denne dagen kjem det fram at Liv Turid nettopp har kome heim frå Italia. Reising er felles interessa for ho og Roy, og no har dei hatt ti dagar med sol og opplevingar. Dei har køyrt frå nord i Italia og sørover til Roma. Eg spør om dei var innom Peterskyrkja og tanken «lurer på kva vedlikehaldsbudsjett dei har på den kyrkja?» rekk å sveve gjennom hovudet mitt, før ho nikkar og fortel at dei var der og vart både overvelda og imponert av storleiken og skalaen

på byggverket – og talet besøkande som strøymer til. Eg får ei sterk kjensle av at vi begge er nøgde med at det er litt mindre forhold rundt kyrkjene i Vik – sjølv på cruisedagar.

I dei siste åra har familien på Stadheim vorte utvida med ein ny generasjon, Liv Turid og Roy har eitt barnebarn på 2 år og ventar eitt til no i løpet av sommaren. Liv Turid er ivrig bestemor og reiser gjerne til Kaupanger for å bistå småbarnsfamilien der.

Eg spør Liv Turid kva tankar ho har om den nye jobben og ho tenkjer seg litt om før ho svarer at etter 35 år i barnehage, er ho motivert for å prøve noko nytt, samtidig som ho er glad for å kunne få halda fram med å jobbe med menneske. Dei siste 6 åra har ho jobba som assisterande styrar og har erfaring med administrasjon, planlegging og gjennomføring av opplegg tilpassa ulike alderstrinn. Dette er eit fint utgangspunkt for den nye kyrkjelydsarbeidaren vår.

Velkomen Liv Turid, vi gler oss til å få deg med på laget!

Dugnad i Fresvik

Onsdag 6. mai kalla Fresvik Sokneråd inn til den årlege dugnaden på kyrkjegarden. Det plar vere godt oppmøte, og slik også i år; heile 23 med stort og smått møtte opp og tok ivrig del i dugnaden. Kyrkjegarden blei raka og stelt, tre og buskar blei beskore og alt blei køyrt vekk. Ein full traktorhengar vart det.

Inne i kyrkja blei det turka støv og vaska og toalett og gang i uthuset blei også vaska. Så travelt opptekne var alle at ingen hugsa på å ta bilete under dugnaden.

Fresvik Sokneråd vil rette ei stor takk til alle som tok eit tak denne kvelden!

Gyda Bøtun

Blomstergudsteneste i Feios

7. juni 2026



Barn frå Feios skule bar blomster inn i kyrkja 7. juni...



...og song «kven har skapt alle blomane?» i lag med presten



Skulekoret song fine songar dei og hadde brukt til 17. mai (- gjenbruk er saken!)



Tore Norvald Osen spelte gitar og song egne vakre viser i gudstenesten.

Under gitarspelaren ser me den nye løparen, som Feios Sokneråd har fått i gåve denne våren. Fargen er blitt valgt etter beste evne etter interiøret i kyrkja. Feios sokneråd fekk pengegåve frå Kari Rinde som ættar frå Feios, og bur på Voss. Så tusen takk for gåva! Den gamle golvløperen i Feios kyrkje var innkjøpt av Feios husmorlag på slutten av 60-talet og var blitt slitt etter alle dessa åra.

Feios Sokneråd

Prestens refleksjonar

I førre kyrkjelydsblad skreiv eg nokre ord om laust og fast. Krista, vår flinke redaktør, sette ei tom tankeboble som illustrasjon over orda ... (å vere tanketom er ikkje spøk).

Etter to preste-utlysingar, er det framleis ingen fast prest i sikte i Vik. Vi gler oss over å ha fått 2 nye medarbeidarar som tek til etter sommaren: Gunn Berit Bøtun som fengselsprest i Vik fengsel i 50% stilling og Liv Turid Fuglesteg som kyrkjelydsarbeider i 50% stilling. Runar Matsui-Li har vore fengselsprest og konfirmantprest dette året i Vik, han går no tilbake til stillingane som han hadde før, prest i Hyllestad og Balestrand.

Det er gildt å vere prestevikar i Vik. I samband med dåp, gravferd og vigsel er eg innom mange heimar, det er både spennande og lærerikt. Eg koser meg når eg er i lag med gjengen på meieriet til lunsj, i historielaget på Blix hotell eller i Vik Songlag. Her ein fredag, då eg gjekk forbi Flatbygdi skule på veg opp til kyrkja, ropa born på meg frå ball-bingen: «Hei Stein!» Slikt varmar.

Nokre tankar om fellesskap og gudsteneste: Vi kan møtast til gudsteneste, på frelses-

armeen, i songlaget, til babysong, på kvardags-skulen, i foreining eller på andre ulike aktivitetar. Ja vi kan til og med bli invitert heim på måltid hos nokon, til kaffi eller te, eller vi kan få eller gje eit lite smil. Før var det mange stader slik at alle dører var opne, ein kunne berre ramle inn hos nokon og vite at ein var velkommen. Kjem nokon uventa, slepp ein å rydde i huset, slik ein må med avtala besøk. Kven vågar du slik ubedt å dukke opp hos?

Eg kjenner nokre menneske som tenkjer på å melde seg ut av kyrkja, var kanskje faste kyrkjegåarar tidlegare, men no får ein forkynninga på TV. Til gudsteneste går vi ikkje for å høyre kor flink presten er, eller for å lære, men for å vere eit vitne der vi bur, byggje fellesskap og gje Gud ære. Framfor ein TV-skjerm har ein ikkje augekontakt med nokon!



Stein Oltedal, fungerande sokneprest i Vik. Kanskje spør nokon om presten vår eller kyrkja tek Bibelen på alvor? Vi treng å hjelpe kvarandre til å finne og gå vegen.

Det er eit under når Jesus banker på nokon si hjartedør, og spør om han kan få kome inn. Han spør om vi vil følge han. Om det er sant at Jesus lever, kan vi invitere han inn i våre liv. Vi kan be han banke på vår hjartedør. Vågar vi det?

Stein Oltedal



Foto: Creazilla

KONFIRMASJONAR

Konfirmasjonar våren 2026

Våren 2026 hadde vi konfirmasjonar i Feios og Vik.



Feios kyrkje 9. mai 2026: Fride Mathilde Holen og Sander Hov Grindedal.

Alle ungdomar vart denne våren konfirmert ved fungerande fengsels- og konfirmantprest Runar Matsui-Li (tv.). Fungerande sokneprest Stein Oltedal medverkade.

Til lukka til alle årets konfirmantar!



Utanfor Feios kyrkje etter gudstenesten. Foto frå Feios: Gunnar Grindedal



Konfirmasjon i Vik 30. mai: Amalie Tenold, Aurora Fosse Hove, Dag Henning Skjerven, Enok Francis Wang, Guro Mårdalen Tistel, Hedda Helleland Tistel, Ines Husabø, Isak Bettum, Lars Hønsi (konfirmert 28. mai), Live Tistel Grov, Johannes Solheim Refsdal, Lucas André Stenen, Mathea Bakkebø Skogsrud, Sara Emilie Heggnes, Sigurd Opheimshaug Moheim, Sondre Refsdal (alfabetisk rekkefølge).



Ut i livet som nykonfirmert...



Et lite glimt frå trusopplæringa i Vik



Søndag d. 14. juni var det utdeling av bok til 4-åringar i Vik kyrkje.



VELKOMEN TIL BABYSONG I KYRKJESTOVA I VIK HAUSTEN 2026

Dørene opnar kl. 11:00 ... Songstund, mat & prat (30kr)

Tysdager i oktober: 13. – 20. – 27.
Tysdager i november: 3. – 10. – 17. – 24.
Tysdag i desember: 1.

Lars Håkon
var flittig
deltaker på
babysong
siste
vinter...



Litt frå ungdomsklubben i Feios og Fresvik

Sokneråda i Feios og Fresvik arrangerer klubbkveld for skule- og ungdomsskuleelevane kvar siste onsdag i månaden gjennom skuleåret. Då får me besøk frå Sygna av primus motor og alltid like sprudlande Trond Kråvik og elevar ved Sygna vgs. Arena for klubbkveldane er skulane i dei to bygdelaga med dertil fasilitetar. I Feios byrjar klubben kl 17.00 og i Fresvik kl 19.00. Det vert difor lange kveldar for Trond og elevane som tek turen heilt frå Balestrand kvar gong, for å delta begge stader.

Sokneråda med kontaktperson Britt Inger Eikeland i Feios og Marianne Bøthun i Fresvik, organiserer og steller



Trond Kråvik og elevar frå Sygna som er med på klubbkveldane i Feios og Fresvik.

i stand til klubbkveldane og involverer dei andre i soknerådet og andre som assistentar etter trong. På programmet står leik og moro samt andakt ved dei tilreisande frå Sygna. Deretter samlast me kring matbordet og får



◀◀ litt servering. Menyen varierer frå pizza, taco, suppe, pølser og brød, til kaker, is og snop.

Klubbkveldane samlar oftast fullt hus av lokale ungdommar, som har det kjekt og kosar seg. Dette inspirerer oss i sokneråda til å stå på og halde fram med klubbaktiviteten. Størst takk

går likevel til Trond og Sygnaelevane som gjer ein unik innsats for at klubbkveldane skal bli så innhaldsrike og kjekke. Me set veldig stor pris på dykk!!! Tusen takk også til skulane for at me får nytte gymsal, skulekjøkken og uteområdet til aktivitetane våre.

Marianne Bøthun

Glimt frå sommerens musikkmesser

kor ein i Hove kyrkje kunne sjå og høyre mellom andre desse personar:



Organist Per Inge Hove



*Arne og Elisabeth Kirk Olden-Wikestad.
(Foto: Jens Melheim)*



*Liturg: Maja Salomonsen,
dansk stud. theol.
(Foto: Jens Melheim)*



*Gygrene - med songen «Her rodde vi i land» (som IKKJE har noko å gjere med summarens VM i fotball!)
(Foto: Jens Melheim)*

... Og her står arrangørane av kyrkja sit frivillige musikkarbeid gjennom summaren: Arne Olden-Wikestad og Vidar Vikøren. Vi seier hjarteleg takk for innsatsen!





Påskeharen (Jori Grønsberg, 3. kl.) hoppar inn med eit stort hareegg og startar førestillinga! Kva er påska inni denne skallen?

Påskespel med skulebarn i Vik

Siste torsdagen før påskeferien var det premiere på påskespelet i kyrkjestova.

Det var fullt i kyrkjestova då barna i alderen 1. - 5. klasse hadde framføring under god leiing av Ine Marie Aase og vår eigen organist Krista. Barna imponerte med både skodespel, lesing og song og publikum fekk ei flott oppleving. Krista har laga spelet, både tekstane og melodiane, då ho jobba som organist i Danmark. I vinter fekk vi hjelp av Inger Blomstereng som omsette tekstane frå dansk til nynorsk.

Vi som var så heldige å få oppleve påskespelet veit no kva og kvifor dagane i

påskeveka har forskjellige namn.

Tusen takk for frivillig innsats, Ine Marie og Inger, og også takk til Tove Geithus og Gunhild Brekke som hjalp til bak kulissane og til Edvin Skjerven som laga kulissane.

No er kulissar og kostyme lagt på lager og vi håpar vi får til ny framsyning før påsken i 2027, så då er det er berre til å gle seg, for både små og store!

Turid Kristine Brekke,
kyrkjeverje

(Foto: Jens Andreas Melheim)



«Korfor, korfor, korfor har me påskeferie, korfor har me fri?» Borna øver seg på 1. songen i eit klasserom på skulen, etter skuletid. I alt 19 elever i alt frå 1.-5. klasse meldte seg på (talet steig etter kvart). Filippa Barstad Tistel (5. kl.) hadde forteljarrolla. Alle andre barn song i koret, når dei ikkje hadde roller. Seks øvingar, pluss ei generalprøve blei det til. Og det var heile sju songar å lære seg!



Lærer Ine Marie Aase har full kontroll på barna. etter generalprøva torsdag kveld ventar alle spent på at stolane vert fylte med publikum.



Pilatus (Adrian Fosse Hove, 5. kl.) har dømt Jesus (Nils Tistel Vange, 3. kl.) til å bli krossfesta - og han har sendt han i veg med kors og tornekrone.



Jesus må sjølv bere sitt kors.



Filippa har ei omfattande forteljarrolle: Fortel om Jesus-frå han reid inn palmesøndag, vaska læresveinane sine føter Skjertorsdag, blei tornekrona og krossfesta Langfredag ttil grava hans var tom Påskemorgen...



Kvinnene ved grava blei sjokkerte då dei ser at steinen er rulla vekk. Jesus har stått opp av grava!



Det var heilt fullt av foreldre og besteforeldre i kyrkjestova til førestillinga.

Kyrkjestova

Kyrkjestova er i år 30 år. Arkitektane Karen og Rune Tangstad teikna huset, som stod ferdig i 1996. Det er eit godt gjennomtenkt og utforma hus som fungerer like godt i dag som for 30 år sidan.



Kyrkjestova har vorte eit viktig og mykje brukt forsamlingslokale for bygda. Lokala er lyse og lette med særst god tilgjengelegheit for folk i alle aldrar, og praktisk å bruke. Det er fleksibelt og passar både til små og store grupper, og kjøkenet er praktisk og godt planlagt. Huset vert utleigd til mellom anna feiring av barnedåp og konfirmasjon og minnesamvære etter gravferd.

Kyrkjestova har god akustikk, og er godt egna til musikk og song. Det har eit godt høgtalaranlegg, og høg internettkapasitet, og er godt egna til kurs og større møter.

Det har i alle år vore stor aktivitet i Kyrkjestova, og tilbod som kvardagsskule og føremiddagstreff for

småbarn(babysong) har vore populære tilbod heile tida. Konfirmantundervisning, soknerådsmøte, misjonsforeiningar, bibelgruppe, juletreffar, basarar, salmekveldar er andre faste aktivitetar i huset. Sommaren 2025 vart Kyrkjestova brukt til interimskyrkje medan det nye inngangspartiet til kyrkja vart bygd.

Gamlekara har halde fleire konsertar i Kyrkjestova. Det har vore svært populære konsertar med mange frammøtte. Alle inntektene har vorte gitt som gåve til drift av Kyrkjestova, i 2025 ca 40 000kr, og og konsertane i år ca 10 000kr. Dette er me svært takksame for, og håpar me får høyra dei i Kyrkjestova fleire gonger.

Vik Helselag har vore ein trufast støttespelar til Kyrkjestova gjennom alle år, og gjeve gåver og overskot frå basarar til huset. Seinast i vår fekk me ei gåve på 30 000kr etter basaren dei hadde på Kyrkjestova i april. Dei ynskte at ein del av pengane skulle nyttast til å kjøpa nye og fleire TV-kannar og kaffitraktarar, og det vil bli gjort.

Desse gåvene er kjærkomne bidrag til Kyrkjestova.

Kyrkjestova er ei privat stifting oppretta av soknerådet med eit styre som har ansvar for drift av huset. Styret har 5 medlemmer.

Noverande styre: Marta Liljedahl (styreleiar), Sylvi Nummedal (dagleg leiar),

Per Olav Geithus, Ine Marie Aase, Stein Oltedal (fungerande sokneprest), Edvin Skjerven (vara), Oddvar Tryti (vara). Styret fordeler dei ulike oppgåvene mellom seg, både praktiske og organisatoriske. Alt er basert på frivilligheit og dugnad. Alt reinhald vert gjort på dugnad, og ein del trufaste hjelparar har i mange år utført vekentleg vask etter ein turnus. Dette er ein imponerande innsats i det stille som har vore heilt avgjerande for å kunne halde huset i drift. Om fleire vil melda seg på til dette, er me svært glade. Ein del av dugnadsgjengen har vore med i mange år, og ynskjer etter kvart avløysing.

I tillegg til gåvemidlar kjem inntektene til Kyrkjestova frå utleige av huset. Nokre er og faste givarar, og overfører eit sjølvvalt beløp kvar månad. Dette er kjærkomne bidrag.

Utgiftene har vorte større enn inntektene siste åra, og me har difor valt å setja opp utleigeprisane frå 01.07.2026, for å betre på driftsunderskotet. Me håpar det er forståing for dette. Det er 8 år sidan førre prisjustering.

Kontaktpersonar for leige av Kyrkjestova:
Sylvi Nummedal,
469 28 613
Marta Liljedahl,
948 23 633

Marta Liljedahl

Utleigeprisar Kyrkjestova, gjeldande frå 1. juli 2026

Heile huset, inklusive kjøken	3.800 kr.
Begge salane	2.400 kr.
Storesalen	1.800 kr.
Vetlesalen	1.400 kr.
Møterommet	700 kr.
Loftet	1.000 kr.
Tillegg for bruk av kjøken	900 kr.
(Ved mindre grupper, ikkje leige for kjøken)	
Dukar, pr. stk.	300 kr.

Utleige av utstyr når ein ikkje leiger huset:

Tallerken	2 kr.
Suppeskål/dessertskål	2 kr.
Kaffeservise (tre deler)	2 kr.
Hardangerbestikk (fire deler)	5 kr.
Glas	2 kr.
Serveringsfat m. bestikk	2 kr.
Dukar pr. stk	300 kr.
Bord (med raude bein)	35 kr.
Hjelp til servering, dekking, oppvask mm.	
(unnataka matlaging) pr. time pr. person	300 kr.

Vedteke på styremøte 04.05.2026



Sommaren 2025 vart Kyrkjestova brukt til interimskyrkje medan det nye inngangspartiet til kyrkja vart bygd. Det var mange gravferder og 2 gudstenester i Kyrkjestova i denne perioden.

Rehabilitering av taket på Vangsnes kyrkje, del II

I forrige utgåve av Helsing frå kyrkja kunne du lesa om korleis vi har førebudd og ville gjennomføra ei omvøla av taket på Vangsnes kyrkje. Problemet var sviktande feste for takhellene, som i sin tur løysna og i tillegg til å gjera skade på taket også utgjorde ein vesentleg fare for dei som ferdast kring kyrkja.

No, tre månader seinare, kan vi gle oss over resultatet! Arbeidet gjekk etter planen og Skifertak AS kunne siste dagen i april overlevera eit heilt nytt tak, med ny duk på undertaket, nye lekter med god lufting, nye skiferheller og alt omkransa av skinande blanke takrenner og beslag i kopar. Det gode tilhøvet til hjelpsame naboar er også viktig å trekkja fram; med deira velvilje og innsats gjekk dette arbeidet knirkefritt. Det gler oss at denne fine kyrkja no er sikra mot aukande nedbørsmengder i åra som kjem.

Som vanleg når ein gjer ein storjobb på slike gamle bygg så avdekka vi også her tilhøve som på sikt må utbetrast. Men det får vi ta i neste omgang, no ventar tilsvarande jobb i Feios og Vik.



Med større lekter blir det meir luft under hellene og alt turkar fortare opp etter ein fuktig hauststorm.



Vangsnes kyrkje ligg fritt i landskapet og er difor utsett for ver og vind. Nytt solid tak vil ta av for det aller meste.

KONKURRANSAR

VINTERKONKURRANSEN 25/26



var åpenbart vanskeleg. Men tekstil-
bildet av dua er opphengt - fullt synleg
- på prekestolen i Vangsnes kyrkja.
Rett svar fikk vi av Bjarnhild Samland
frå Vik.

SOMMARKONKURRANSEN 2026

viste dåpsfat og
dåp av Jesus
med eit musling-
skal, og begge
foto vart tekne i
Arnafjord kyrkje.
Dette visste
også Bjarhild
Samland, som nå
kan henta seg en fin premie på kyrkjekontoret (etter telefonisk avtale).



NY HAUSTKONKURRANSE 2026:

Frå kva salmer i salmeboka stammar disse linjer?

A) «Men visst eg veit ein
morgon renn
då dødens natt skal enda,
Min lekam opp or gravi stend
og evig fryd får kjenna.»

B) «Ved ditt verk, ved
Kjærlighetens vilje
er vi født på ny til liv i Kristus,
til et åpent liv i tro og tillit.»

Svar på haustkonkurranse
2026 innan 1. oktober til
kristarevsbech@gmail.com

C) «Guds kyrkje lysa skulle
som høgt på berg ein stad,
med sumar utan kulde
og utan solarglad.»



Barnas

Finn 5 feil

Desse to bilde er nesten heilt like. Greier du å finne 5 feil på bildet under?



Teikning: Aleksei Bitskof



Ordsøk

I rutenettet gøymmer det seg 10 land. Leit bortover og nedover. Greier du å finne alle?


S	V	D	E	Y	L	F	B	Z	E
V	Z	A	V	K	F	R	E	P	T
E	N	N	X	C	I	A	L	K	Y
I	D	M	L	N	N	N	G	I	S
T	Z	A	K	O	L	K	I	T	K
S	I	R	L	R	A	R	A	A	L
V	N	K	U	G	N	I	K	L	A
Q	L	D	T	E	D	K	C	I	N
S	V	E	R	I	G	E	P	A	D
Y	P	S	E	N	G	L	A	N	D

Labyrint



Teikningar:
Chiara Bertelli

Filip fortalde om Jesus til mange som han møtte. Ein av dei han møtte var ein etiopisk hoffmann. Hjelp Filip med å finne vegen.



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Vitsar:

- Hunden min har ingen nase.
- Korleis luktar han, då?
- Forferdeleg.

Kva for ein hage skal ikkje vatnast? Barnehagen!



Døyppte:

Arnafjord:

24.05.2026 Theo Myrkaskog Risløv

Vangsnes:

02.04.2026 Kevin Eliassen Helland

10.05.2026 Jens Grov

Vik:

22.03.2026 Ludvig Olstad Andersen

05.04.2026 Isak Høyum-Chrzanowski

03.05.2026 Ella Tverberg

14.06.2026 Lykke Helleland

Hove:

29.07.2026 Margit Dyrdal

29.07.2026 Einar Vange Fredagsvik

29.07.2026 Eilev Klever Vange



Uigde

Fresvik:

04.04.2025 Camilla Louise Bothner og Mathias Brodshaug Hov

Gravferd – bisetjing – urnenedsetjing:

Feios:

06.03.2026 Else Alme f. 1924

16.06.2026 Oskar Tveit f. 1940

18.06.2026 Lillian Norunn Matsgård f. 1946

Fresvik:

08.05.2026 Kåre Sande f. 1945

Vangsnes:

27.03.2026 Edith Johanna Kløve f. 1935

01.04.2026 Geir Kåre Utmo f. 1960

13.05.2026 Arnhild Solveig Skjerven Holen f. 1956

Vik:

19.03.2026 Solveig Johanne Sværen f. 1954

31.03.2026 Aslaug Refsdal f. 1942

10.04.2026 Gerd Svanhild Otterskred f. 1972

10.04.2026 Oddmund Skeie f. 1945

17.04.2026 Kjell Magne Tveit f. 1953

24.04.2026 Gunnar Lillebø f. 1955

24.04.2026 Jon A Risløv f. 1946

12.05.2026 Olav Johannes Breilid f. 1932

18.06.2026 Johanna Karin Vikdal f. 1945

NAMN OG NUMMER

VIK KYRKJEKONTOR: 479 77 806

E-POST: KYRKJELEG.FELLESRAAD@VIK.KOMMUNE.NO

KYRKJELEG TILSETTE:

Kyrkjeverje

Turid K. Brekke

e-post: turid.kristine.brekke@vik.kommune.no

TELEFONAR

kontor 479 77 806

tlf. 922 28 593

KONTORTID

kl. 10–14, man-fre

Kyrkjelydsarbeider

Liv Turid Fuglesteg

tlf. 479 77 806

Fungerande sokneprest i Vik

Stein Oltedal

tlf. 970 08 600

e-post: steinoltedal4@gmail.com

Organist

Krista Revsbech

tlf. 921 61 625

e-post: kristarevsbech@gmail.com

Leiande kyrkjetenar

Nils Kvamme

tlf. 957 30 615

e-post: nils.kvamme@vik.kommune.no

Kyrkjetenar i Vik, Vangsnes og Arnafjord

Jonathan Nahayo

tlf. 941 71 504

Kyrkjetenar i Feios

Britt Inger Rinde Eikeland

tlf. 908 39 156

Kyrkjetenar i Fresvik

Arne-Olav Lien Bardølsgård

tlf. 995 52 549

SOKNERÅD

Soknerådsleiar Arnafjord:

Endre Nese

tlf. 415 10 401

Soknerådsleiar Feios:

Julie Kristin Ness

tlf. 994 89 216

Soknerådsleiar Fresvik:

Kirsten Johanne Bøtun

tlf. 951 49 366

Soknerådsleiar Vangsnes:

Tommy Halset

tlf. 909 12 621

Soknerådsleiar Vik:

Reidunn Bolstad

tlf. 905 33 581

VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD:

Silje Grønningsæter

tlf. 992 76 293

Utleige Kyrkjestova:

Sylvi Nummedal

tlf. 469 28 613

Nummedal Gravferdsbyrå v/Arnfinn Nummedal

tlf. 918 85 770

VELKOMMEN TIL KYRKJE

16. aug	12. søndag i treeining. Matt 6,24-34
kl. 11.00 Vik	Gudsteneste v/ Stein Oltedal
kl. 16.00 Feios	Gudsteneste v/ Stein Oltedal
30. aug	Vingardssøndag/14. sø. i treein. Matt 20, 1-16
kl. 12.00 Fresvik (Svea gard)	Sveastevne v/ Frelsesarmeen
06. sep	15. søndag i treein. Matt 5, 38-48
kl. 11.00 Arnafjord	Gudsteneste v/ Stein Oltedal
kl. 16.00 Vangsnes	Gudsteneste v/ Stein Oltedal. Hausttakkefest
Lør 12. sep	16. søndag i treein. Mark 7, 31-37 / Musikk-andakt?
kl. 12.00 Vik kyrkje	v/ Stein Oltedal. 50 års konfirmentar er særskilt invitert.
27. sep	18. søndag i treein. Matt 8, 14-17
kl. 11.00 Vik	Gudsteneste v/ Stein Oltedal
kl. 16.00 Fresvik	Gudsteneste v/ Stein Oltedal
11. okt	20. søndag i treein. Joh 11, 1-5
kl. 11.00 Vik	Gudsteneste v/ Stein Oltedal
18. okt	21. søndag i treein. Matt 22, 15-22
kl. 11.00 Feios	Gudsteneste. Hausttakkefest
kl. 16.00 Arnafjord	Gudsteneste. Hausttakkefest
25. okt	Bots- og bønnedag. Luk 13, 22-30
kl. 11.00 Vik	Gudsteneste v/ Stein Oltedal. Hausttakkefest
Lør 31. okt	Reformasjonsdagen/Minnedag. Johs 6, 37-40
kl. 17.00 Vik	Minnegudsteneste v/ Stein Oltedal

INFORMASJON

UTGJEVAR	Sokneråda i Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnes og Vik
TRYKK	Printfarm AS
BLADSTYRAR	Krista Revsbech
KASSERAR	Sylvi Nummedal
BLADPENGAR	Kr. 200,- pr. år
BANKGIRONR	38003011558

VELKOMEN TIL KYRKJE

01. nov	Allehelgen/ Minnedag. Johs 6, 37-40
kl. 11.00 Fresvik	Minnegudsteneste v/ Stein Oltedal
kl. 16.00 Vangsnes	Minnegudsteneste v/ Stein Oltedal
08. nov	24. søndag i treein. Joh 6, 63-69
kl. 11.00 Vik	Gudsteneste v/ Stein Oltedal
15. nov	25. søndag i treein. Mark 2, 1-12
kl. 11.00 Arnafjord	Gudsteneste v/ Stein Oltedal. Lysmesse
29. nov	1. søndag i advent. Luk 4, 16-22a
kl. 17.00 Feios	Adventsgudsteneste v/ Stein Oltedal. Lysmesse
kl. 20.00 Vik	Adventsgudsteneste v/ Stein Oltedal. Lysmesse

*Vi tek atterhald om endringar i gudstenestelista.
Sjå Sogn avis, plakater, FB og heimesida.*

Heimesida: www.vik.kyrkja.no

Facebook: [Kyrkjene i Vik](#)

KYRKJESKYSS

Arnafjord:	Ring leiar Endre Nese	tlf. 415 10 401
Feios:	Ring Solrun Skogheim	tlf. 952 26 003
Fresvik:	Ring leiar Kirsten Johanne Bøtun	tlf. 951 49 366
Vangsnes:	Ring leiar Tommy Halset	tlf. 909 12 621
Vik:	Ring leiar Reidunn Bolstad	tlf. 905 33 581